

---

**Saksnr:** 2020/61691-3**Saksbehandlar** Eva Moberg**Dato:** 18.08.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør

---

## Museum og samfunn. Rapport til Kulturdepartementet frå Telemarksforsking 2020

På oppdrag frå Kulturdepartementet har Telemarksforsking laga rapporten «Museum og samfunn. En utredning om museenes samfunnsroller, særlig i lys av museumsreforma». Utreiinga skal gje eit kunnskapsgrunnlag for vidareutvikling av norsk museumspolitik, og vil fungere som eit oppspel til ny museumsmelding som kjem våren 2021.

Rapporten byggjer på ein kombinasjon av dokumentstudier, litteraturstudier, casestudier og kvantitative data. Den tek føre seg erfaringar og resultat frå museumsreforma, og korleis musea har forstått og tolka si samfunnsrolle. Utreiinga skildrar gjennomføring og verkemiddel i museumsreforma og ser på korleis ho har påverka museumsfeltet i Noreg.

I referatsaka her vert det gjort greie for hovudfunna i rapporten, med vektlegging av dei funna som har særleg relevans for Vestland.

### Musea sin rolle og funksjon i samfunnet

Rapporten viser til at musea er mangfaldige, ulike og komplekse institusjonar. Dei har ansvar for oppgåver og arbeider med område som dei har tilfelles med andre institusjonar (som til dømes bibliotek, arkiv, universitet og høgskuler). Musea skil seg likevel frå andre ved å ha unike rammer for desse aktivitetane. Både ut frå fagleg kompetanse, historisk djupne gjennom materiell og immateriell historie og institusjonell kultur set musea eit distinkt preg på dei aktivitetane som dei er engasjerte i.

Rapporten meiner museumsreforma har ført til fornying i sektoren, mellom anna blant gjennom fokus på at musea skal spele ein aktiv samfunnsrolle. Museumsreforma har reformert og konsolidert strukturane og institusjonane, men ideane og samfunnsrollene som museumsarbeidet byggjer på har derimot ikkje blitt konsolidert. Dei har derimot blitt meir komplekse.

I rapporten vert det konkludert med at musea, som følgje av sitt store tematiske mangfald, har fleire samfunnsroller og at museumspolitikken difor bør ta utgangpunkt i kva berre musea gjer og gjer best.

### Museumsreforma: konsolidering som verkemiddel

Reforma er kjend for konsolideringa av musea, noko som ikkje var eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å oppnå målsetnaden om å skape fagleg sterke og profesjonelt administrerte museum. St.meld. nr. 22 (1999–2000), «Kjelder til kunnskap og oppleving» (ABM-meldinga) la opp til at kvart fylke burde ha mellom eitt og 6 museum, og at dei konsoliderte einingane burde minst ha 8–10 årsverk i faste stillingar.

Museumsreforma reduserte talet på frittstående museum som fekk statleg driftstilskot frå 350 museum på 90-talet til 62 museum. Prinsippa som har styrt kva for museum som har blitt samanslått er i stor grad geografi, og ikkje tematisk i fag- og ansvarsområde. Den regionale fridomen i reforma resulterte i at dei 19 fylka fekk alt ifrå eitt til 8 museum. Samstundes som det har blitt færre museumseiningar, har talet formidlingsarenaer ikkje blitt redusert. Det totale budsjettet til sektoren er dobla i reelle tal over dei siste 20 åra, og den største veksten kom fram til 2011. Tal tilsette ved musea har auka, og då særleg faglege årsverk. Tal administrative årsverk har auka lite. Registrerte og digitaliserte gjenstandar har auka betydeleg. Museumsreforma har i liten grad gitt utslag i fleire besøkande.

Det er no knytt uvisse til om staten sine generelle antydingar om storleik vert endra etter regionreforma. I og med at det er stor ulikskap mellom fylka med tanke på tal museum, kjem fleire fylke no i en situasjon der to ulike situasjonar må samkøyrast og mogleg utliknast. I Vestland fylkeskommune har tidlegare Sogn og Fjordane samla sine museum i eitt konsolidert museum (Musea i Sogn og Fjordane), medan tidlegare Hordaland etter gjennomført museumsreform har 8 konsoliderte museum.

I rapporten vert det også vist til «Utredning om oppgave- og ansvarsfordelingen mellom forvaltningsnivåene på kulturområdet» (Kulturdepartementet 2018), der det vert føreslege ein ytterlegare kraftig reduksjon av tal museum: «For fullt ut å få det faglige løftet som er ønsket med reformen, legger Kulturdepartementet til grunn at det bør gjennomføres ytterligere konsolideringer, slik at antallet i løpet av det kommende tiåret reduseres til 25-30».

Museumsreforma hadde som mål å fornye sektoren og styrke både formidling, forvaltning og forskning. Evalueringar syner at musea må få på plass en *reell organisatorisk og administrativ konsolidering*, før dei maktar å styrka det faglege arbeidet. Sjølv 10-15 år etter konsolidering er det framleis museum som strever med ein organisasjonsstruktur som hindrar faglege synergjar. Rapporten tilrår at desse musea bør «få bistand til hensiktsmessig organisasjonsutvikling».

#### **Museumsreforma: finansiering som verkemiddel**

ABM-meldinga skisserte eit hovudprinsipp om at staten skulle bidra med inntil 60 prosent og regionen (fylkeskommune og kommune) med minst 40 prosent. I praksis har dette vore følgt opp svært ulikt for dei ulike musea. Den statlege prosentandelen av tilskota varierer mellom 100 %, som gjeld for 7 av musea, og 28 %, som gjeld Museum Vest.

Balansen mellom gulrot og pisk, frivilligheit og tvang, har vore tema i høve museumsreforma. Det har frå statleg hald vore understreka at frivilligheit var det berande prinsippet for samanslåingane, samstundes som signal om ekstra offentlege tilskot har vore knytt direkte til det å inngå i konsolideringar. St.meld. nr. 48 (2002–2003) skildra dette slik: «Motsett det som er situasjonen innanfor arkiv- og biblioteksektoren, består museumssektoren i hovudsak av formelt uavhengige og sjølvstendige aktørar, og all omorganisering må skje på formelt friviljug grunnlag. Tilskotsregulering er viktigaste verkemidlet frå statleg hald.»

Musea i Sogn og Fjordane er det konsoliderte museet i Vestland fylke som har størst statleg driftsstøtte med 63%, medan for musea i Hordaland ligg den statlege medfinansieringa på 39%. Målt opp mot besøkstal finansierer staten 531 kroner per besøkande på Musea i Sogn og Fjordane, medan musea i Hordaland har omlag 100 kroner per besøkande.

#### **Museumsreforma: målsetnaden om fagleg utvikling og profesjonalisering**

Museumsreforma har ført til ein meir profesjonalisert sektor med fleire faglege tilsette og meir strategisk fagleg utvikling. Reforma har ikkje auka administrasjonen, men óg gjort denne meir profesjonell. Rapporten konkluderer med at museumsreforma fagleg sett har ført til positiv utvikling innan samlingsforvaltning, digitalisering og fellestenester.

Som ein del av museumsreforma har fleire fylke satsa på ulike former for fellesmagasin. Rapporten syner til Bevaringstenesta i Hordaland som eit konkret eksempel på fagleg samarbeid om fellestenester som har vore vellukka. Dette er ein felles konserverings- og bevaringsteneste for dei konsoliderte musea i fylket, utført av ei eiga avdeling ved Museumssenteret i Hordaland. Bevaringstenesta tilbyr konservering og restaurering av ein rekke materialtypar (t.d. tekstil, metall, skinn, tre og bein) og er tilgjengeleg for dei konsoliderte museumseiningane i Hordaland. Det har ført

til at musea har fornya samlingsforvaltninga med omsyn til innsamling, avhending og prioritering. Samstundes vert det peika på at reforma i mindre grad ført til ein strategisk samlingsutvikling, t.d. gjennom samtidsdokumentasjon.

Vidare slår rapporten fast at museumsreforma ikkje har bidrege til å styrke forvaltninga av dei kulturhistoriske bygningane og at det er eit stort behov for bygningsantikvarisk handverkkompetanse til å ivareta den delen av samlingane. Dagens forvaltning av materiell og immateriell kulturarv er ikkje berekraftig. I tillegg er samtidsdokumentasjon og samlingsutvikling også svak.

Rapporten finn at museumsreforma har ikkje ført til meir fagfelleverdert forskning dei siste ti årene, men at etablering av museumsnettverk og nye finansieringsmoglegheiter har bidrege med infrastruktur og moglegheiter for forskning.

### **Museumsreforma: profesjonalisering og forholdet til frivillig sektor**

Med færre og større museum, nye rapporteringsrutinar og målstyringsverktøy har musea både blitt meir profesjonaliserte og likare. Rapporten skildrar musea sin ambivalente haldning til frivillig sektor. Dei frivillige er viktige for lokal forankring, men vert også opplevd som ressurskrevjande og ein motsetnad til profesjonaliteten som vert forventa av musea.

For av nokon musea har er den lokale tilknytninga vore svekka med usemje og konflikt lokalt. Målet om å få ein meir profesjonalisert sektor har i tillegg skapt «strek i laget» mellom ulike museumsavdelingar, ofte mellom dei minste og dei meir sentraliserte avdelingane. Fleire evalueringar peiker på at dei mindre avdelingane ikkje har tilstrekkeleg museal relevans ut i frå et regionalt eller nasjonalt perspektiv, og at dei har større verknad som lokale møtestader enn som kulturhistoriske museum. Det vert difor stilt spørsmål om desse bør overlatast til frivillige og lokale krefter, for å utvikle seg friare og betre, samtidig som den konsoliderte eininga kunne samle sine faglege krefter kring nye og meir utfordrande formidlings- og forskingsoppgåver.

### **Museumsreforma samla sett**

Museumsreforma bygger på ein tredelt ambisjon om sterk lokal forankring, regional konsolidering og eit nasjonalt nettverksbygging. Rapporten konkluderer med at dette ikkje har fungert. Lokal forankring har blitt svekka, splitta eigarskap mellom museumsdrift og «eigarstiftingar» har hindra god samlingsforvaltning og interne organisasjonsproblem har sperra for fagleg meirverdi. Rapporten finn heller ingen indikasjonar på at dei større musea fungerer betre enn dei mindre.

Rapporten tek opp grunnleggjande spørsmål om korleis musea har blitt påverka av det som vert karakterisert som eit *museumpolitisk generalistprinsipp*, der det vert forventa at alle musea leverer på eit høgt nivå på samlege av dei museumsfaglege primæroppgåvene: forvaltning, formidling og forskning. Rapporten gjev her eit oppspel til den pågåande diskusjonen om akkrediteringsordning eller ei mogleg museumslov i Norge som er varsla i samband med ny museumsmelding.

Rapporten avsluttar med tilrådingar til ny museumspolitik i seks punkt (sitat):

#### **«1) En museumspolitik som anerkjenner både det vellykkede og det mindre vellykkede med museumsreformen.**

En ny museumspolitik bør bygge på det som har fungert i museumsreformen og lære av det som ikke har fungert. Det som har fungert har gitt en økt faglig kvalitet på enkelte områder: innenfor samlingsforvaltning, digitalisering og fellestjenester. Det som ikke har fungert er den tredelte ambisjonen om både sterk lokal forankring, regional konsolidering og et nasjonalt nettverk. Det har blant annet ført til unødvendig mye arbeid og utfordringer med å skape organisasjoner som tar hensyn til alle nivåene. Det er behov for tydelige føringer for og utstrakt bistand til å skape velfungerende museumsorganisasjoner, for eksempel gjennom et utviklingsprogram.

#### **2) En museumspolitik som anerkjenner av at det er flere veier til et godt museum.**

Det er flere måter å være et godt museum på, og det er flere måter å være et viktig museum på. Det museumspolitiske generalistprinsippet bør utfordres og vurderes. Det betyr blant annet at ikke alle museene behøver å være både viktige lokale møteplasser, turistdestinasjoner, bygningsforvaltere og forskningsinstitusjoner. Man kan være et fullgodt museum og spille en viktig rolle som samfunnsinstitusjon uten å produsere fagfelleverdert forskning. Det betyr også at det er flere måter

å organisere et museum på som kan fungere godt: Det er ikke én enkelt modell som har vist seg å fungere over alt.

**3) En museumspolitikk som bygger på bærekraftig forvaltning av materiell og immateriell kulturarv.**

Det unike ved museene er at de forvalter en kombinasjon av materiell og immateriell kulturarv. En bærekraftig forvaltning av denne innebærer at prioritering og avhending går hånd i hånd med samtidsdokumentasjon og samlingsutvikling. Det innebærer også at materiell kulturarv – samlinger og bygninger – forvaltes side om side med forvaltningen av den håndverksbaserte, immaterielle kunnskapen om denne kulturarven.

**4) En museumspolitikk som legger til rette for nye former for arbeidsdeling, samarbeid og prioritering.**

For det første behøver ikke alle museene ha ansvar for og måles på de samme oppgaver og samfunnsroller. For det andre kan arbeids- og ansvarsdeling følges opp av tydeligere nasjonal koordinering. For det tredje kan museer få politisk støtte til å foreta tydelige prioriteringer mellom de ulike arenaene, oppgaver og gjenstander de er satt til å forvalte. For det fjerde kan museer gjøre større nytte av nettverksarbeid med andre virksomheter for å utvikle sine prioriterte samfunnsroller.

**5) En museumspolitikk som bygger et museumslandskap som overskrider de grensene som formell forvaltning har skapt.**

Museumssektoren er preget av formelle skillelinjer som deler opp sektoren på en måte som preger museumsarbeidet negativt: den departementale forankringen i Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet, de enkelte fagdepartement og Sametinget er til hinder for den best mulige museumspolitikken. Det er tegn på at det utvikles lokal museumspraksis og museumspolitikk parallelt med nasjonale føringer, og dette må en helhetlig museumspolitikk ta høyde for.

**6) En museumspolitikk som bygger bærekraftige museer som ikke behøver å overskride sin institusjonelle lasteevne.**

Ingen institusjon blir god dersom det er et misforhold mellom ressurser, kompetanse, ansvar, selvforståelse og forventninger.»